



Stortingent  
Forsking-, utdanning- og kyrkjekomiteen  
ved Trond Giske

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2014000734-36 Saksh: Harald Jordal  
Journalpostid: 2017001684 Telefon: 53 65 40 23

Arkivkode  
B02

Dato:  
28.02.2017

## Invitasjon : Odda ei reise verdt?

*Oddamodellen og andre orienteringar av allmenn interesse.  
Tidspunkt og lengde vert tilpassa når det høver for komiteen, men helst innan 1. mai.  
Vi tenkjer oss at besøket går over éin kveld og éin dag (fram til ca. kl. 15.00).  
Vi set opp detaljprogram basert på tilbakemeldinga.*

### Forslag til rammeprogram:

#### **Møte med:**

Odda kommune: Politisk nedsett gruppe i Odda kommune med mandat å arbeida for Oddamodellen som ei nasjonal ordning og rådmann/oppvekstsjef.

#### Odda ungdomskole: Møte med kollegiet og elevar.

- Representantar for lærarar og elevar orienterer om Oddamodellen.
- Representantar for lærarar og elevar orienterer om den digitale skulen.

#### Odda vidaregåande skule: Møte med lærarar og elevar.

- Liva Thiis, elev og leiar i Sørfjorden Målungsdom, orienterer om verknadene av Oddamodellen.
- Hilde Gjester Hoel (norsklærar) og klassen hennar 3STA fortel om språk og språkhaldningar.
- Hilde Gjester Hoel, som var faglærar til entreprenørskaparverksemda Folkelokk, orienterer om entreprenørskapsfaget og vil snakka om "Hvordan jobbe med pedagogisk entreprenørskap i skolen". Folkelokk kom på fjerdeplass i EM i London i 2013.
- Michael Wunderlich og elevar presenterer den nye landslina for smedfaget i Oddasmia på Smelteverkstomta.

#### **Realfagsatsing i Odda:**

Odda: Vasskraft og kraftforedlande industri. Verdiskapingskommunen Odda. Samarbeid mellom dei store industriverksemndene med offensive utviklingsplanar og Odda-skulen. Orientering ved direktør Helene Seim (Boliden Odda, det einaste sinkverket i Skandinavia), direktør Harald Grande (Tizir i Tyssedal – titanoksid/spesialjern) og Morten Ruud, prosjekteiar i realfagskommunen Odda.

#### Eit levande kraftsenter

Telefaks: 53 65 40 51 Opheimsgata 31	Org.nr: 964 967 814 Bankgiro: 3201.50.24584 Innbetaling skatt:	Telefon: 53 65 40 00 Telefaks: 53 65 40 51 Epost: <a href="mailto:epost@odda.kommune.no">epost@odda.kommune.no</a>
5750 ODDA		<a href="http://www.odda.kommune.no">www.odda.kommune.no</a>

## **Bakgrunn:**

Odda kommune vil med dette invitera komiteen til Odda i vår, då vi trur at Odda har noko å mælda på fleire måtar. Oddamodellen (språkdeling på barnesteget og ungdomssteget) er basis for invitasjonen, men vi vil òg gjerne få visa fram Odda- og Tyssedal-samfunnet som solide byggjesteinar på vegen framover.

Odda kommune, Ullensvang herad og Jondal kommune har vedteke at dei skal bli éin kommune frå 01.01.2020. Odda er i dag éin av tre språknøytrale kommunar i Hordaland. Odda kommunestyre har mannjamt slutta opp om og vedteke å gå saman med Ullensvang og Jondal kommune frå hausten 2019. Den nye kommunen Ullensvang kommune skal verta ein nynorskkommune.

Odda kommune skil seg markert ut nasjonalt ved å ha hatt språkdeling i grunnskulen i Odda krins i over 100 år (innført i 1913 og jamgamalt med kommunen). Språkdelinga, som i dag etter lova er ein rett på barnesteget i grunnskulen, men ikkje på ungdomssteget, vart i Odda vidareført på ungdomssteget fram til hausten 2016. Kommunestyret oppheva ordninga suksessivt av økonomiske årsaker. Dei fyrste klassane som vart råka, var 8. klasse skuleåret 2016/17. Det er òg brei semje om at modellen har bidratt til lokal språkfred og styrkt læremiljø i Odda-skulen. Modellen har sikra mindretalet sine språklege rettar på ein god måte, både den tida nynorsk var i mindretal, og no når bokmålet er i mindretal.

Departementet arbeider no med ei bestilling frå Stortinget – jf. brev frå Kunnskapsdepartementet av 15.12.2016 der **Representantforslaget** (Dokument 8: 116 S (2015–2016) var vedlagt.

Sitat frå brevet:

*«Den 22. november 2016 blei representantforslag 116 S (2015-2016) om å sikre alle elevar i grunnskolen rett til opplæring på hovudmålet behandla i Stortinget. Saka og innstillinga ligg her på Stortinget si nettside. Kunnskapsministeren vil no sørge for følgje opp innstillinga frå komiteen med ei utgreiing av spørsmål om kostnader og behov for språkdelte klassar. Dette vil kunne gje oss eit betre faktagrunnlag for å diskutere behov for tiltak. Utgreiinga skal etter planen vere klar til sommaren.»*

For Odda kommune er retten til språkdeling på ungdomssteget i grunnskulen ei viktig sak. Kommunestyret har sett ned eit tverrpolitisk utval for å arbeida saka fram på nasjonalt nivå. Leiar i utvalet er ordførar Roald Aga Haug (A).

Odda by vil også etter kommunesamanslåinga vera eit språkdelte samfunn med tilbod til nynorskelever og bokmåselevar. I dei andre krinsane i kommunen er det på barnesteget bokmål i Tyssedal og nynorsk i Skare og Røldal.

På barnesteget er Odda krins (Odda barneskole) fullt ut språkdelte, og har vore det sidan 1914. Ordninga vart innført etter søknad frå skulestyret i Odda krins med særskild fullmakt frå dåverande kyrkje- og skulestatsråd Jørgen Løvland, etter ein særskilt målsrid med krav om overgang frå nynorsk til bokmål som fylgje av kraftutbygging og industrireising i stor målestokk. Ordninga var då eit pionertiltak og måtte ha særskilt løyve. Statsråden kalla då ordninga klok og framtidsretta for stader som Odda. Tyssedal krins vart frå same tidspunkt bokmål, og er framleis bokmål, og Skare og Røldal vart verande nynorskkrinsar. Då ungdomsskulen vart innført og etablert i Odda på slutten av 60-talet, vart slik fast ordning etablert for ungdomssteget – utan politisk debatt: På Odda ungdomsskole vert elevane frå Odda, Tyssedal og Skare samla. Tyssedalselevane går inn i bokmålklassane og Skare-elevane inn i nynorskklassane. Røldal har hatt og har framleis eigen ungdomsskule.

Kommunen har dekt meirkostnadane med språkdelinga på Odda ungdomskole. Slik var det fram til hausten 2016 då ordninga vart oppheva på ungdomssteget av økonomiske årsaker. Modellen har bidratt med å sikra språkfred i Odda by og Odda kommune og har vore stabil gjennom skiftande tider. I Odda krins var nynorsk klart minoritetsspråk i skulen før 2. verdskrig. På 50- og 60-talet var det balanse, og i dag er bokmålet i klart mindretal i skuleverket både i Odda krins og i kommunen.

Dette systemet med språkdeling i grunnskulen kallar vi for Oddamodellen.

Kommunen har fullt ut respektert foreldra sitt målval for borna sine så lenge dei er i grunnskulen – noko norsk lov i dag ikkje gjer for ungdomssteget. Det har m.a. medført at tilnærma ingen skifter frå nynorsk til bokmål ved overgang frå barnesteg til ungdomssteg, og svært frå skifter målform frå ungdomssteg til vidaregåande. Det kan leggast til at lærarane på Odda ungdomskole har vore solidariske mot det målvalet elevane har gjort når det gjeld undervisingsspråket og «tavlebruken» – og slik sett oppfylt ei av dei viktigaste oppgåvene som skuleverket har: å gjera elevane til trygge og kompetente språkbrukarar på det hovudmålet som dei er skrivne inn i skulen på. Særleg gjeld dette for nynorskelevane i sitt dagelege møte med majoritetsspråket bokmål som dei elles vert dagleg «dusja» i.


Oddamodellen sin suksess i Odda står i kontrast til mange andre språkblanda område i landet, og har etter vårt syn vore ein vellukka modell for å oppnå eitt av skuleverket sine hovudmålsettingar, inkl. bidratt til eit godt klasse- og lærerMiljø på Odda ungdomskole. Konfliktar og uro grunna språk mellom bokmåls- og nynorskelevar er tilnærma fråverande. Modellen har hatt brei støtte av elevrådet på skulen og av lærarkollektivet.

Vi meiner òg at modellen i seg sjølv vil vera eit godt pedagogisk tiltak og eit smørjemiddel; mothakefjernar i kommunesamanslåingsprosessar i språkblanda område.

#### **Oppsummert:**

- Odda kommune gler seg over stortingsfleirtalet sitt Dokument 8-forslag som no ligg i Kunnskapsdepartementet.
- Oddamodellen: Lokal suksess og nasjonal ordning for dei som har bruk for han – eller som mothakefjernar i ein kranglete nasjonal kommunesamanslåingsprosess.
- Bli kjent med Odda-samfunnet: Innovativ omstilling, entreprenørskap, realfagsatsing, kraftproduksjon og kraftforedling, verdiskaping og langsiktig styrking av norsk realøkonomi.
- Møte med kommunaleiinga ved polistisk utval og rådmann/oppvekstsjef om trøngene for vidareføring av språkdelinga på ungdomsskulen.
- Skulebesøk på Odda ungdomskole og Odda vidaregåande skule.
- Odda kommune som realfagskommune og samfunnsutviklar / samarbeid med prosessindustrien.
- Besøk i ny og fullsøkt landsline i smedfaget: Eld og stål i freda industrismie på Smelteverkstomta.

Venleg helsing

  
Roald Aga Haug  
Ordførar

Kopiliste :  
Odda kommunestyre som melding

  
Harald Jordal  
kommunsekretær

Politisk nedsett arbeidsgruppe for Oddamodellen  
Rådmann og oppvekstsjef i Odda kommune  
Boliden Odda ved Helene Seim  
Tizir Tyssedal ved Harald Grande  
Odda vidaregåande skule ved Øyvind Bjørkevoll og Hilde Gjester Hoel  
Odda ungdomsskole ved Sven Olav Brekke  
Odda mållag ved Knut Dale  
Sørfjorden Målungsdom ved Liva Thiis